

## Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane

# RAPPORTERINGSSKJEMA 2015

Adresse: Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, Postboks 7900, 5020 Bergen

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Søknad merkast med: "Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/14645"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak).

### Søklar (kommune)

Namn:	Austrheim kommune		
Adresse:	Sætremarka 2		
Postnr./stad:	5943 Austrheim		
Org.nr.:	948350823		
Kontonr.:	1594.11.80407	Prosjektnr.:	Ressursnr.:

### Administrativ kontaktperson hjå søklar

Navn:	Hilde Hardang	Telefon:	56162125
E-post:	<a href="mailto:hilde.hardang@austrheim.kommune.no">hilde.hardang@austrheim.kommune.no</a>	Mobil:	41694200

### Tidsrâme for tiltaket

Oppstartsdato:	01.12.2016
Ferdigstilt:	07.04.2017

### Totaltkostnad

Tildelt tilskotssum:	Kr 172.500
Totaltkostnad (eks mva):	Kr 400.000
Eigenandel (eks mva):	Kr 227.500

### Skildring av tiltaket som er gjennomført

Kommunen ønskte å flytte innkøyringa til Furuly eldresenter. Eldresenteret hadde før tiltaket innkøyring via Årås skule. Ved skulen er det laga til ei rundkøyring som skulebussane nyttar til av- og påstigning. Innkøyringa til eldresenteret var via denne rundkøyringa. Kommunen såg at, spesielt i tidsrommet skulestart og-slutt, skapte dette trafikkfarlege situasjonar, da det passerte bilar mellom bussane og borna.

Forventa effekt av tiltaket er at borna vil kunne gå trygt frå skulebussen og inn på skuleområdet. I tillegg vil dette betre tryggleiken for dei som kjem gåande, da trafikkbelastninga på vegen inn til skulen er forventa å minke.

Tiltaket var retta mot skuleborn, både dei som kjem med skulebuss og dei som kjem gåande.

Det var spesielt to forhold som utvida prosjektet, både økonomisk og i tid. Fyrste forholdet var at Statens Vegvesen satte strengare krav til den nye utkøyringa enn kommunen hadde forutsatt. Statens Vegvesen satte krav til at gang- og sykkelstien skulle trekkast bak frå krysset, slik at gåande passerar bak bilen som ventar i krysset. Dette førte til at kommunen måtte bestille ny prosjektering av krysset og det måtte erverast meir grunn. Dette gjorde at kommunen ikkje klarte å overhalde den planlagte framdriftsplanen. Dette førte og til at utgiftene til grunnervervelse og entreprenør auka.

Det andre forholdet som forsinka utbygginga og fordyra prosjektet, var at under etablering av vegen var det avdekt at BKK hadde kablar i grunnen som ikkje var målt inn. Entreprenør måtte da lage ny trase for kablane og flytte desse.

Austrheim kommune er veldig fornøgd med resultatet av tiltaket. Tiltaket er relativt enkelt, men har betra trafikksituasjonen betraktleg både for mjuke trafikantar og køyrande. Største gevinsten er for born til og frå skulen, men ein ser og at køyremønsteret til dei fastbuande har blitt vesentleg betre. Det er 3 husstandar som har knytt seg på denne nye vegen, så trafikkavviklinga i området har blitt vesentleg betre, da to avkøyrslar har blitt sanert.

Vedlegg 1: Kartutsnitt over situasjonen før.

Vedlegg 2: Skisse over ny avkøyrslar

Vedlegg 3: Bilde av resultatet